

Granvin herad

Føresegner til reguleringsplan for mellombels masselager og veg, Såkvitne

Datert: 22.02.2010

Sist revidert:

GENERELT

- Det regulerte området er vist på plankartet med reguleringsgrense. Planen er datert 19. februar 2010
- Areal for ulike reguleringsformål er påført plankartet med arealbruk og storleik

AREALOVERSIKT

Formål	Underformål	SOSI-kode	AREAL
TOTALT AREAL			108185
Bebyggelse og anlegg	Masselager/masseuttak/landbruk	1900	13059
Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur	Kjøreveg	2011	336
	Annan veggrunn	2019	512
Landbruk	Landbruksformål	5110	47139
Hensynssoner			
sikringssone	Frisikt	140	
Infrastruktursone	Rekkefølgekrav infrastruktur	430	

1.0 FØRESEGNER

1.1 Føremål

Føremålet med reguleringsplanen er å sikra lokal og miljømessig god handtering av massar frå tunnelbygging ved å leggja til rette for kort transport, mellombels trygg lagring og seinare lokal attvinning av ressursen.

2.0 REGULERINGSFØREMÅL

Føresegnene gjeld for det område som er vist med reguleringsgrense på plankartet og for avkøyrsla til riksvegen.

2.1 Område vert regulert til

PBL § 12-5, nr 1 Bebyggelse og anlegg

Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål (1900)

- Masselager/masseuttak/landbruk

PBL § 12-5, nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- Køyreveg (2011)

- Annan veggrunn - grøntareal (2019)

PBL § 11-8 a, jf. § 12-6 Sikringszone (hensynszone)

- Bandleggingssone som gjeld mellombels trafikkområde. Område til mellombels trafikkområde under anleggsperioden som tilgjenge for masselageret.

3.0 FELLES FØRESEGNER

3.1 Plankrav

For mellombels lagerområde for stein og seinare masseuttak, skal det utarbeidast eit retningslinjer for avvøling etter avslutta drift. Retningslinjene skal føreleggjast Granvin herad.

3.2 Ubebygde areal, utforming av tiltak og driftstider

3.2.1 Alle inngrep skal planleggjast og utførast slik at skadeverknadene på natur og landskap blir små. Eksisterende vegetasjon skal ikkje fjernast utover det som er nødvendig for masselager og bygg. Det skal sikrast ein kantsone med skog langs føremålsgransa.

3.2.3 Eksisterende vegetasjon/markdekke skal handsamast skånsomt og ikkje raserast unødig. Sår etter grøfter for leidning/kabel som vert lagt i ubebygde areal innanfor planområdet skal revegeterast med stadeigen vegetasjon.

3.2.3 Kiosker, transformatoriosker o.l. vert tillete oppført berre der dei etter kommunens sitt skjønn ikkje er til ulempe.

3.2.4 Vegar skal byggjast som grusvegar med tosidigfall. Det skal vera opne grøfter.

3.2.5 Uttak av stein/knusing av stein frå masselager vert tillete kvardagar - mandag til fredag i tidsrommet 06.30-18.00. Dette inkluderer den totale verksemda innanfor regulert område, transport frå masselageret/uttaket. Drift er ikkje tillete lørdag, søndag og helligdager. Administrasjonssjefen i Granvin herad kan gje dispensasjon for driftstidene etter grunngjeven søknad. Råka grannar skal ha varsel til uttale.

3.2.6 Oppfylling i masselageret følger Statens vegvesen sitt opplegg for tunneldrift og vilkåra i pkt 3.2.5 gjeld ikkje for etablering av mellombels masselager.

3.3 Rekkefølge

3.3.1 Areal der det vert utført terrenginngrep for anlegg av infrastruktur skal setjast i stand samtidig med ferdigstilling av veganlegget. Sideterrenget langs vegen skal setjast i stand samstundes med byggjing av veganlegget.

3.3.2 Før det kan fyllast stein i masselageret skal det etablerast tiltak for å handtera overvatn og sigevatn frå lageret. Tiltaket skal illustrerast på målsett kart i samband med søknad om tiltak etter § 93 i plan- og bygninglova. Det gjeld tiltak for avskjering av overvatn og renseanlegg for vatn som renn gjennom deponiet.

3.3.3. Ved søknad om tiltak, jfr § 93 - masseuttak, skal det samstundes leggjast fram eit oversyn over tiltak og drift. Det skal gjerast greie for omfang av massane saman med profilar som viser eks terrenget, plan for oppfylling og avvøling. Det skal liggja føre geoteknisk vurdering av området som skal følge søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93.

3.3.4 Før det vert sett i gang masseuttak i planområde skal avkøyrslar i planområde sikrast fri sikt. Vidare skal avkøyrsla til riksvegen, som ligg utanfor planområde, utforming og sikrast fri sikt, jfr krava i Håndbok 017.

3.4 Automatisk fredede kulturminner

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminner i området. Dersom det blir funne slike i samband med arbeid i terrenget, skal arbeidet straks stogkast i den grad arbeidet rårar kulturminnene eller sikringssonen på 5 meter, jfr. Lov om Kulturminner § 8. Melding skal straks sendast Kulturvernstyresmaktene i Hordaland fylkeskommune, slik at dei kan gjennomføre en synfaring og avklare om tiltaket kan gjennomførast og evt. vilkåra for dette.

4.0 AREALFØREMÅL

4.1 PBL § 12-5, nr 1 Bebyggelse og anlegg

4.1.1 Angitt bebyggelse og anleggsformål kombinert med andre angitte hovedformål - mellombels masselager/masseuttak og landbruk (1900)

I område kan det mellombels lagrast reine sprengsteinsmassar frå tunneldrift ved gjennomføring av *Reguleringsplan for ny riksveg 13, Øvre Granvin - Voss grense*. Andre typar avfall vert ikkje tillete lagra.

I anleggsperioden må det setjast opp bom ved innkøyring til masselager-område for å hindre ukontrollert fylling i området.

Overvatn og sigevatn frå masselageret skal takast hand om. For å redusera miljøpåverknaden av masselageret, skal følgjande tiltak etablerast

- Avskjæring av overvatn rundt steindeponiet
- Etablering av reinseanlegg for vatn som renn gjennom masselageret, herunder eit overvakingsprogram av utsleppet til Storelvi

Ferdigattest for avslutning av masseuttaket kan ikkje gjevast før avvøling av terrenget er gjennomført. Istandsetjing skal gjennomførast fortløpande etter som drift av deler av masselageret eller masseuttaket vert avslutta.

Massetaket skal ikkje liggja uvirksomt og uvyrdsla over lengre tid, jf Plan- og bygningslova § 96.

I uttaksområdene er det tillete mellombels etablering av bygningar og andre anlegg som er nødvendige for drifta av uttaket, herunder transportband, siloanlegg, knuse- og sorteringsverk og liknande. Alle bygningsmessige anlegg i uttaksområdet skal omsøkjast på vanlig måte.

Det vert forutsett at masseuttaksområdet vert stelt i stand nær opphavleg terreng.

Sideterrenget skal ikke planerast brattere enn 1:2 i lausmassar.

Dersom verksemda opphøyrer, skal heile området setjast i stand og og førast attende til landbruksføremål innan 2 år frå produksjonsstans. Dersom drifta vert avslutta før massane jf driftsplanen er uttekne, skal det utarbeidast en avslutningsplan som skal godkjennast av kommunen. Avslutningsplanen skal sikra ein heilskapleg avslutning av masselageret/masseuttaket. Terrenget arronderast slik at det blir jamne overgangar mot tilgrensande terreng.

Under anleggsperioden skal masselageret og masseuttaket og vere avstengt og sikra for andre enn tilsette i tilknytning til anleggsdrifta. Mellombels masselager skal sikrast forsvarleg gjerde for å halda husdyr borte. Ved anlegg av avkøyrsløp til masselageret og masseuttaket skal det takast omsyn til trafikktryggleik. Det skal sikrast fri sikt frå avkøysler jf Håndbok 017.

Ved avslutta drift skal område avvølast i samsvar med plan for istandsetjing.

4.2 PBL § 12-5, nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

4.2.1 Køyreveg (2011)

Innanfor plan området vert det tillete bygd veg med bredde 6 meter. Vegen skal ha tverrfall i samsvar med normalprofil. Sideterrenget skal ikkje planerast brattere enn 1:2 i lausmassar eller 10:1 i fjellskjæringar. Det skal innrettast naudsynte stikkrenner for bekkar eller overvatn. Overvatn skal leiast til terreng.

4.2.2 Annan veggrunn - grøntareal (2019)

Ved byggjesøknad skal det leggjast ved plan for istandsetjing av vegens sideterreng. Ferdigattest for veganlegget kan ikkje gjevast før istandsetjing av sideterrenget er gjennomført.

4.3. PBL § 12-5, nr. 5 - Landbruks-, natur og friluftsområde samt reindrift

4.3.1 Landbruksføremål (5110)

Arealet vert vidareført frå kommuneplanens LNF til landbruksføremål.

4.4 PBL § 11-8 a, jf. § 12-6 Sikringszone (hensynssone)

4.4-1 Frisiktsone

I frisiktsone skal det ikkje vera sikthindrande vegetasjon eller annan sikthindringer, som er høgare enn 0,5 m i forhold til tilstøytande vegbane.

4.4.2 Rekkefølgjekrav infrastruktur (430)

Landbruksområde kan nyttast til anleggsveg på den gamle jernbanetraseen inntil masselageret er etablert og sett i stand for vidare drift. Anleggsvegen vert avslutta og arealet vert sett i stand til landbruksføremål etter endt anleggsdrift.